

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på møtet, med merknadsfrist 5. november 2009. Dette er det godkjente referatet frå rådsmøtet 21. oktober 2009.

Møtedato: 21. oktober 2009

Til stades:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil B. Henjum, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen, Ludmila Torlakova.

Frå gruppe B: Camilla E. Skalle.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Solveig Hjellest, Sara Sortland Nes, Sara Viktorin.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent utan røysterett.

Dette er det første instituttrådsmøtet under det nye reglementet for styrings- og leiingsformer på instituttnivået. Rådet har no utvida fullmakter med vedtaksmakt på visse felt, samstundes som rådet har færre medlemar enn tidlegare, og organet er leidd av instituttleiari.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjente utan merknader.

## **Sak 2 – referat frå 26. august 2009**

Referatet er forseinka, men vil om kort tid bli sendt ut til medlemmane av det gamle rådet til godkjenning.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Instituttleiar Breivik orienterte om retningslinene for tilsetjingar ved fakultetet under stillingsstoppen.
- B. Breivik gjorde greie for dei tre utlyste vitskaplege stillingane ved IF: Marco Gargiulo tek til som førsteamanuensis på italiensk 1. januar 2010. Stillinga som professor/førsteamanuensis i arabisk ventar på avklaring i fakultetsstyret. Når det gjeld stillinga på russisk, ventar vi på vurderinga frå den sakkunnige komiteen. Breivik minte òg om fagdimensjoneringsplanen der instituttet har sagt seg villig til å gje slepp på to stillingar (fransk og tysk), samstundes som det vert skissert kva for stillingar som står øvst på prioriteringslista til IF (japansk, latinamerikansk litteratur, britisk kulturkunnskap). Når Birger Angvik går av, vert det ein kritisk situasjon på latinamerikansk litteratur. Det blir sendt over eit brev til fakultetet der det vert argumentert for at instituttet treng ei utlysing her. Også engelskfaget er i ein pressa situasjon både innan lingvistik og britisk kulturkunnskap. Faget har sett ned ein komité som skal sjå nærare på behovet i dei ulike disiplinane.
- C. Breivik orienterte om dei viktigaste sakene på fakultetsstyremøtet 20. oktober. Møtet hadde oppe tre saker om tilsetjingar i vitskaplege stillingar, og alle desse stillingane vart stogga eller utsette. Ei av stillingane er i akademisk skrivning, og fakultetsstyret bestemte at ein skulle evaluera dette tilbodet.
- D. Uthaug informerte om at det er lyst ut eit stipend på det NFR-finansierte LIAS-prosjektet.
- E. Tre av faga våre har framleis undervisning i 200-nivåemne både vår- og haustsemester. Dette gjeld engelsk, spansk og tysk. Dette vil bli endra slik at det berre vert undervist i desse emna i vårsemesteret. Sannsynlegvis må ein venta med denne omlegginga, eller i alle fall delar av omlegginga, til 2011.
- F. Arbeidsgruppa som skal vurderer dei tilrettelagte bachelorprogramma ved fakultetet, er i gang med arbeidet. Frå IF er Charles Armstrong og Ingunn Voster med i denne gruppa.

#### **Sak 4 – Val av avløysar for instituttleiariar**

Jf paragraf 2 i Reglar for instituttorgana, fastsette av universitetsstyret 18.6.2009.

*Vedtak (samrøystes): Rådet vel forskingsleiariar Margareth Hagen, frå 30.6.10 Sandra Halverson, som avløysar (stedfortreder) for instituttleiariar ved Institutt for framandspråk.*

McCafferty reiste spørsmålet om kva som skjer med engelskfaget og undervisningsbehovet der viss Sandra Halverson skulle måtta tre inn som instituttleiariar i ein lengre periode. Breivik meinte ein kunne koma tilbake til saka seinare dersom spørsmålet vart aktuelt.

#### **Sak 5 – Delegering av fullmakter til UUI**

Jf paragraf 4 i Reglar for instituttorgana, fastsette av universitetsstyret 18.6.2009.

*Vedtak (samrøystes): Rådet gjev Utvalet for undervisning og internasjonalisering (UUI) fullmakt til å gjera vedtak i alle studiesaker, inkludert studieplanar, som fell inn under ansvarsområdet til instituttrådet. Dersom rådet skulle ønskja det, kan det likevel be om å få framlagt slike saker til drøfting og eventuelt vedtak i rådet.*

Breivik peikte på at viktige prinsipielle saker naturleg kan takast opp i instituttrådet òg i framtida.

#### **Sak 6 – Orientering om økonomi, rekneskap og budsjett**

Breivik viste til e-posten som kom frå konstituert fakultetsdirektør Trine Moe like før instituttrådsmøtet. Her blir det informert om prinsippa for fordeling av budsjettet for 2010. Fakultetet viser her m.a. til at det ikkje kan tildelast midlar til forskingsføremål og publisering frå fakultetet i 2010, men det vert samstundes presisert at institutta står fritt til å disponera påskjøningsmidlane til slike føremål. Breivik meinte det kunne vera fornuftig å endra fordelinga av påskjøningsmidlane slik at t.d. femti prosent går til rettleiaren og femti prosent til instituttet, og så setja av den auka instituttdelen til forskingsføremål. Hagen støtta denne tanken.

Instituttet er blitt orientert om at NFR-delen av smådriftsmidlane kan falla ut i 2010, men her ventar vi på ei endeleg avklaring.

Johansen spurde om det blir spart inn på reiseverksemda. Uthaug viste til at instituttet prøver å spara inn på reisinga i samband med eksamenssensur gjennom å bruka videokonferansar, men elles er reiseverksemda i stor grad knytt til øyremerkte løyvingar. Henjum spurde kva konsekvensane ville bli av inntekstfordelingsutvalet (Risa-utvalet). Breivik og Uthaug kunne ikkje gjera greie for dei eksakte konsekvensane, men ein ottast at HF vil koma dårleg ut dersom fordelingsmodellen vert endra.

*Vedtak (samrøystes): Rådet tek orienteringa om økonomi, rekneskap og budsjett til vitande.*

#### **Sak 7 - Ymse**

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,  
instituttleiariar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef